
Fra: Bent Gunnar Næss
Sendt: 16.09.2011
Til: Postmottak KR D
Kopi:
Emne: Høyringsvar - forslag til endringar i kommunelova

Viser til høyring forslag til endringar i kommunelova, inndelingslova, lov om interkommunale selskap, kvitvaskingslova, revisjonsforskrifta og kontrollutvalforskrifta.

Leiarane i kontrollutvala i regionene Nordhordland hadde forslaget til endringar oppe som sak i eit felles møte 01.09.11.

Leiarane gav der følgjande uttale til dei endringane som er foreslått;

Uttale frå leiarane i kontrollutvala i regionen:

Leiarane i kontrollutvala støtta i hovudsak dei forslaga som var frå KrD. Dette med opne møte i kontrollutvala vil det vere viktig å få ein god praksis på. Forslaget om at minimum tal medlemmer i kontrollutvale skal aukast frå 3 til 5 medlemmer kan gi visse praktiske utfordringar i dei minste kommunane. Det kan også stillast spørsmål ved om det er hensiktsmessig at kontrollutvalet i dei minste kommunane skal ha minimum 5 medlemmer. Leiarane meinte difor at det bør vurderast å kunne dispensere frå kravet om minimum 5 medlemmer i dei minste kommunane.

Mvh

Bent Gunnar Næss
Sekretariatsleiar
Tlf 48 12 46 23
Regionrådet Nordhordland IKS
Pb 13

5902 Isdalstø

bent.gunnar.naess@nhr.no